



Frank Thomas Ellingsund
Kleppevegen 98
5308 Kleppestø

Saksbehandlar, innvalstelefon
Ove Midtbø, 5764 3176

Vedtak - klage - offentleglova - Kinn kommune - innsyn i dokumentasjon - Bordgleder KF

Vi viser til oversending frå Kinn kommune i brev 08.01.2026, som gjeld klage på manglande innsyn i dokumentasjon knytt til utvikling, anskaffelse og drift av nettsida til Bordgleder Kinn Kommune KF. Statsforvaltaren beklagar lang sakshandsamingstid.

Vedtak

Statsforvaltaren opphevar Kinn kommune si avgjerd 04.11.2025 om avslag på krav om innsyn i den aktuelle saka, jf. forvaltningslova § 41. Saka returnerast til Kinn kommune for ny vurdering og handsaming.

Bakgrunnen for saka

Saka har ein lengre sakshistorikk, og vi gir berre ei kort oppsummering av betydning for vår vurdering av klagesaka.

I e-post 26.10.2025 til Kinn kommune, sette du fram krav om innsyn i dokumentasjon knytt til utvikling, anskaffelse og drift av nettsida til Bordgleder Kinn Kommune KF.

Kinn kommune svarte på innsynskravet i brev 04.11.2025, der det går fram følgjande:

«De ber om innsyn i dokumenter, intern korrespondanse, notater og kalkyler fra Bordgleder KF. Disse er unntatt offentlighet, i det vi viser til offentleglova § 23 første ledd, som slår fast at «Det kan gjerast unntak frå innsyn for opplysningar når det er påkravd av omsyn til ei forsvarleg gjennomføring av økonomi-, lønns-, eller personalforvaltninga til organet.» Dine spørsmål er også unnateke offentlegheit etter offentleglova § 14 1. ledd, som eit organinternt dokument.»

Du klaga på avgjerda i e-post til oss 04.11.2025, som Kinn kommune også fekk kopi av. Statsforvaltaren oversende klagen til Kinn kommune for handsaming 06.01.2026.



Klagen er vurdert av Kinn kommune i oversendingsbrev til oss 08.01.2026, utan at det er funne grunn til å ta klagen heilt eller delvis til følgje. Saka er deretter sendt til Statsforvaltaren for endeleg avgjerd.

Etter at klagesaka er motteken her, har du ettersendt tilleggsmerknader i e-post 14.01.2026.

Regelverk

Vi skal som klageinstans sjå til at underinstansen under handsaminga av saka har følgd dei lovene, forskriftene og sakshandsamingsreglane som gjeld på området. Statsforvaltaren kan under klagehandsaminga prøve alle sider ved vedtaket, også de skjønsmessige vurderingane som underinstansen har gjort, jf. forvaltningslova § 34.

Hovudregelen om innsyn går fram av offentleglova § 3:

«Saksdokument, journalar og liknande register for organet er opne for innsyn dersom ikkje anna følgjer av lov eller forskrift med heimel i lov. Alle kan krevje innsyn i saksdokument, journalar og liknande register til organet hos vedkommande organ.»

I offentleglova er det gjort unntak for organinterne dokument, jf. offentleglova § 14 første ledd. Føresegna lyder slik:

«Eit organ kan gjere unntak frå innsyn for dokument som organet har utarbeidd for si eiga interne saksførebuing.»

Vidare kan det gjerast unntak frå innsyn for opplysningar når det er påkravd av omsyn til ei forsvarleg gjennomføring av økonomi-, lønns-, eller personalforvaltninga til organet, jf. offentleglova § 23 første ledd.

Av offentleglova § 11 går det fram at

«Når det er høve til å gjere unntak frå innsyn, skal organet likevel vurdere å gi heilt eller delvis innsyn. Organet bør gi innsyn dersom omsynet til offentlig innsyn veg tyngre enn behovet for unntak.»

Forvaltningslova § 41 inneheld føresegner om verknaden av feil ved handsaming av forvaltningssaker. Føresegna lyder slik:

«Er reglene om behandlingsmåten i denne lov eller forskrifter gitt i medhold av loven ikke overholdt ved behandlingen av en sak som gjelder enkeltvedtak, er vedtaket likevel gyldig når det er grunn til å regne med at feilen ikke kan ha virket bestemmende på vedtakets innhold.»

Statsforvaltaren si vurdering

Vi legg innleiingsvis til grunn at vilkåra for å handsame klagen er oppfylt, jf. offentleglova § 32 og forvaltningslova §§ 29 og 32.

Klagen frå deg kan oppsummerast med at Kinn kommune ikkje har gjort ei reell vurdering av innsynskravet i tråd med gjeldande føresegner.

Ved vår gjennomgang av dokumenta som er oversendt til oss, støttar vi påstandane i klagen frå



deg om at Kinn kommune ikkje har gjort ei tilstrekkeleg individuell og konkret vurdering av innsynskravet slik offentleglova med tilhøyrande retningslinjer legg opp til.

Det følgjer av offentleglova § 29 første ledd, første setning at eit organ som mottek eit innsynskrav «skal vurdere kravet konkret og sjølvstendig». I dette ligg det eit krav om at organet må gjere ei konkret vurdering av retten til innsyn for kvart enkelt dokument som det er avslått å gje innsyn i. Slik saka er opplyst, går det fram at Kinn kommune har avslått innsynskravet i sin heilskap på generelt grunnlag med heimel i offentleglova § 23 første ledd og § 14 første ledd.

Noko som også understøttar at Kinn kommune ikkje har gjort ei konkret og sjølvstendig vurdering av innsynskravet, er at vi som klageinstans ikkje har fått tilsendt dei aktuelle saksdokumenta som det er avsege å gje innsyn i. For at vi skal kunne gjere ei forsvarleg vurdering og overprøving av kommunen sine vurderingar av om dokumenta kan unntas frå innsyn i sin heilskap, treng vi å få tilsendt desse dokumenta, jf. forvaltningslova § 17, jf. § 33 fjerde ledd. Vi vurderer at dette er ein sakshandsamingsfeil ved handsaming av innsynskravet, som gjer at vedtaket må opphevast, jf. forvaltningslova § 41.

Offentleglova § 23 første ledd og offentleglova § 14 første ledd, slår fast at opplysningar og dokument «kan» unntas. Dersom dokument unntas frå innsyn etter desse føresegnene, skal kommunen vurdere meirinnsyn etter offentleglova § 11. Det avgjerande i ei meirinnsynsvurdering er om «omsynet til offentleg innsyn veg tyngre enn behovet for unntak». Kommunen må vurdere «om dei omsyna som ligg til grunn for unntaksføresegna gjer seg gjeldande i det aktuelle tilfellet», sjå Ot.prp.nr.102 (2004–2005) side 129. I departementet sin rettleiar til offentleglova¹, er det også gitt utfyllande retningslinjer om meirinnsynsvurderinga etter offentleglova § 11 under punkt 4.9 på s. 63 flg.

I denne saka kan vi ikkje sjå at Kinn kommune har gjort ei meirinnsynsvurdering etter offentleglova § 11 i det heile tatt. Statsforvaltaren meiner at dette også er ein mangel ved sakshandsaminga av innsynskravet som ikkje kan utelukkast å ha påverka avgjerda, jf. forvaltningslova § 41.

Som følge av det ovannemnde er vi kome til at det er fleire manglar ved Kinn kommune si handsaming og vurdering av innsynskravet, som gjer at avgjerda om avslag på krav om innsyn i dokumenta i den aktuelle saka må opphevast, jf. forvaltningslova § 41.

Oppsummering:

Klagen har ført fram. Statsforvaltaren opphevar Kinn kommune si avgjerd 04.11.2025 om avslag på krav om innsyn i dokument i denne saka, jf. forvaltningslova § 41. Saka vert returnert til kommunen for ny handsaming og vurdering.

Statsforvaltaren vil understreke at vi ikkje legg føringar for resultatet ved den vidare handsaming av saka i kommunen. Som kopimottakar av dette vedtaket, forventar vi likevel at Kinn kommune gjer ei ny og konkret vurdering av innsynskravet i tråd med føringane i dette vedtaket og gjeldande føresegner i offentleglova. I denne samanheng minner vi om at innsynskrav skal avgjerast «utan ugrunna opphald», jf. offentleglova § 29 første ledd.

Vedtaket er endeleg og kan ikkje påklagast, jf. forvaltningslova § 28 tredje ledd.

Vi vil også minne om moglegheita for å kreve dekning for sakskostnader etter forvaltningslova § 36.

¹ [Rettleiar til offentleglova](#)



Eit eventuelt krav om dekning av sakskostnader må sendast Statsforvaltaren innan tre veker.

Med helsing

Anne Kjersti Sande
fagdirektør

Ove Midtbø
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Kinn kommune

postboks 294

6701

MÅLØY